



Referat frå kommunemøte 3. oktober 2024

Deltakarar: Statsforvaltaren, kommunane, Vestland fylkeskommune, Politiet, Haraldsplass, Helse Fonna, Statens vegvesen, UDI, IMDi og NVE

Ikkje til stades: Askvoll kommune, Aurland kommune, Gulen kommune, Osterøy kommune, Solund kommune, Stord kommune, Tysnes kommune, Ullensvang kommune, Vaksdal kommune og Årdal kommune

1. Flyktnings situasjonen

Orientering frå UDI v/Njård Gudbrandsen

UDI orienterte om status for asyl og mottak, samt endringar i regelverk for kollektiv beskyttelse. Endringa i kollektiv beskyttelse inneberer at frå og med 28. september vil ein ikkje lenger få kollektiv beskyttelse når ein kjem frå eit område i Ukraina som norske myndigheiter (UDI) definerer som trygge.

Presentasjonen som vart vist ligg ved utsendinga av møtoreferatet.

Orientering frå IMDi v/Katrine Vidme

IMDi orienterte om anmodnings-, vedtakstal og kapasitetsutnytting på fylkesnivå per 01.10.24. IMDi publiserer jamleg status på busetting og vedtak på nettstaden sin; [Bosetting | IMDi](#).

Det vart òg gitt ei orientering om busettingsbehov for einslege mindreårige utan følgjeperson. IMDi har i samråd med KS og VLFK har sendt brev til nokre kommunar i Vestland om å vurdere busettingskapasiteten opp mot denne gruppa.

Presentasjonen som vart vist ligg ved utsendinga av møtoreferatet.

2. Førebuing til vêrhendingar hausten og vinteren

Statsforvaltaren – evaluering etter vêrhendingar i fjor vinter v/Mari Severinsen

Etter fleire vêrhendingar i fjor vinter gjennomførte vi ei evaluering. I evalueringa identifiserte vi fleire læringspunkt til oppfølging, i hovudsak knytt til samordning og samvirke på tvers av aktørane.

Vi har i ettertid sett på rutineane våre for innkalling til koordineringsmøte (syte for at rett aktørar er invitert), korleis vi varslar om møte på kort varsel og utanfor arbeidstid (særskilt bruk av SMS-varsling) og dialog med nasjonale aktørar m.a. DSB om rutinar for flytting av basestasjonar for Nødnett.

Vi har òg gjennomført eit møte med Vest politidistrikt og NVE om fagleg støtte ved skredfare og evakuering, og eit møte med SVV og fylkeskommunen knytt til utfordringar på vegnettet og tilgang til alternativ transport. Notat frå møtet med SVV og fylkeskommunen vert lagt ved utsendinga av dette referatet.

Vi ønskjer òg å minne om felles tiltakskort ved varsel om uvêr og naturfare som vi utarbeidte i samråd med kommunar og regionale aktørar i 2023, og legg dette ved utsendinga av referatet.

Vest politidistrikt – oppgåver og ansvar v/Gustav Landro

Politiet har god trening på handtering av vêrhendingar, og førebur deg på komande haust- og vintersesong. Politiet har rutinar for handtering av farevarsel, og trekk fram det gode samarbeidet med kommunane og andre aktørar i oppfølginga som viktig.



Rutinen inneberer m.a. både vurderingar av farekodane i varselet og korleis situasjonsbiletet er og vil kunne utvikle seg. Fagkompetansen på geologisida og vegnettsida er viktig, og politiet etterspør aktiv status på det geofaglege situasjonsbiletet og status på vegnettet. Politiet oppmodar kommunane om å starte førebuingar i tidleg fase ved farevarsling.

NVE - bistand ved fare for skred og flaum v/Aart Verhage

Farevarsel frå NVE oppdaterast jamleg og ut i frå behov (t.d. oppdatert informasjon om vêrsituasjonen). Det vert ikkje sendt ut eig varsel ved oppdatering av farevarsla og NVE oppmodar difor om å aktivt gå inn på varsom.no for å halde seg oppdatere seg på situasjonen. NVE har fleire beredskapstelefonnummer som kommunane og andre beredskapsaktørar kan ringe ved behov for oppdatering/status/rettleiing (sjå informasjon i vedlagt presentasjon). På Varsom.no ligg [råd til beredskapsaktørane og til innbyggjarane for å førebygge skade](#).

NVE oppmodar om at kommunane kartlegg kritiske område i ein kommune på førehand. Faresone kart utarbeid for utsette område er eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommunen og andre beredskapsaktørar ved handtering av vêrhendingar som fører til auka fare for flaum og skred. Karta kan bidra til å si noko om kva konkrete område/infrastruktur som er særleg utsett for slike hendingar. Politiet avgjer om det skal gjennomførast evakuering, men er avhengig av rettleiing frå NVE og lokalkunnskapen ute i kommunane.

Presentasjonen som vart vist ligg ved utsendinga av møterefateratet.

Statens vegvesen (SVV) – riksvegnettet v/Nils Magne Slinde

SVV orienterte om førebuingane dei gjer til vêrhendingar på riksvegnettet for hausten og vinteren.

Ved hendingar på vegnettet gjennomfører vegtrafikksentralen (VTS) samordningsmøter med vegeigarar. Det er viktig at ein sikrar at diskusjonane i desse møta er koordinert opp på samordninga som skjer i regi av Statsforvaltaren gjennom fylkesberedskapsrådet/koordineringsmøte med kommunane.

Vegtrafikksentralen kan nåast på tlf. 175, men SVV oppmodar om å nytte nettstaden www.vegvesen.no for å halde seg oppdatert. Informasjonen her vert fortløpande oppdatert.

Presentasjonen som vart vist ligg ved utsendinga av møterefateratet. Viser òg til vedlagt notat etter møte mellom Statsforvaltaren, SVV og fylkeskommunen.

Fylkeskommunen – fylkesvegane og alternativ transport v/Ole Ingar Hæreid og Øystein Hunvik

VLFK orienterte om vegstenging på fylkesvegnettet og persontransport ved stenging av veg.

Oversyn over lokalisering og vedlikehaldsstatus for kaiar er nødvendig kunnskap for å kunne etablere båttransport. Det er difor starta eit arbeid med å få på plass ei løysing der kommunane sjølv skal kunne legge inn og vedlikehalde informasjon og kaiar i eigen kommune, slik at samla informasjon kan gjerast tilgjengeleg for relevante aktørar som eige (u.off.) kartlag i fylkesatlas. Fylkeskommunen vil kome tilbake med oppdatert informasjon om dette.

E-postadresse som kommunane kan nytte for spørsmål knytt til fylkeskommunen: vlfk-invberedskap@cim-products.no.

Presentasjonen som vart vist ligg ved utsendinga av møterefateratet. Viser òg til vedlagt notat etter møte mellom Statsforvaltaren, SVV og fylkeskommunen.



Sogndal kommune – erfaringar frå i fjor og korleis desse vert følgt opp v/Halvard Gjerde

Sogndal kommune orienterte om deira erfaringar etter uvêret 16. og 17. desember 2023, der det gjekk mange skred og punkt som flauma over i heile kommunen. Hendingane førte til avgrensa høve til å kome seg fram på vegnettet og evakuering.

Kommunen peika på at dei starta ein observasjonsfase i førekant av hendinga, og at det er viktig med førebuande tiltak i denne fasen. Han peika òg på det at sjølv om vêrhendinga er ferdig så vil det framleis vere utfordringar igjen i kommunane etter hendingar, t.d. vegar som framleis er stengt, skred som må ryddast og evakuerte som skal flytte heim att.

Presentasjonen som vart vist ligg ved utsendinga av møttereferatet.

3. Status om krigen i Ukraina og Gaza

Det vart gitt ei kort orientering om krigen i Ukraina og krigen i Gaza.

Direktorat for strålevern og atomberedskap sendt ut ei situasjonsrapport om situasjonen i Ukraina, inkludert ei kort skildring av situasjonen i Midtøsten samstundes som møtet. Denne orienteringa er lagt ved utsendinga av referatet.

4. Atomberedskap – erfaringar frå øvingar og fagsamling i Førde

Tysdag 10. September gjennomførte Statsforvaltaren ei atomberedskapsøving for embetsleiinga og deler av fylkesberedskapsrådet, og torsdag for ei veke sidan arrangerte vi eit øvings- og fagseminar om CBRNE i Førde. Scenario for begge øvingane omhandla ei hending med reaktordriven fartøy langs kysten av fylket. Sjølv om sannsynet for ei slik hending er svært lågt, kan skadepotensialet vere stort, og det er viktig at ein har beredskap for å handtere ei slik hending.

Vi ønskjer å dele nokre viktige moment ved handtering av slike hendingar:

- Ei større atomberedskapshending i norsk territorium vil følgje to spor; redningshendinga leia av politiet og oppfølging av samfunnskonskvensar leia av Kriseutvalet for atomberedskap med Direktorat for strålevern og atomberedskap (DSA) som sekretariat. Dette krev god koordinering for å sikre lik situasjonsforståing og informasjonsdeling i begge spor.
- Kommunikasjon er heilt avgjerande, og samordning av informasjonsbodskapet er viktig. Mangelfull eller manglande koordinering av informasjon kan føre til unødige frykt.
- Kriseutvalet for atomberedskap (KU) vil kome med overordna føringar eller tilrådingar, og det vil vere behov for regional og lokal tilpassing for gjennomføring av slike tiltak.
- Det er viktig at kommunane og alle andre samfunnskritiske aktørar har planer for korleis dei skal få gjennomført kritiske oppgåver. For kommunane vil dette gjelde planar for korleis personell som må opphalde seg ute ved ei innmelding skal ha tilstrekkeleg skjerming, og korleis ein skal få delt ut jod-tablettar

Vi viser elles til [DSA sine sider om atomberedskap](#), og særskilt [kommunalt plangrunnlag for atomberedskap](#).

Neste planlagde kommunemøte er torsdag 12. desember, kl. 13.30 - 15.00.

Det er tidlegare sendt ut ein kalenderinvitasjon, og vi vil sende ut agenda i førekant av møtet. Minner om at de kan melde innspel til tema som de ønskjer at vi tek opp i kommunemøta.